

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 208/2025

av 19. september 2025

om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) DEN ADMINISTRATIVE KOMMISJONEN FOR KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR AVGJERD nr. E8 av 14. mars 2024 om fastsetjing av ein framgangsmåte for handsaming av endringar av opplysningar om dei organa som er definerte i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004, og som er førte opp i det elektroniske registeret som er ein del av EESSI⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Avgjerd nr. E8 erstattar avgjerd nr. E2⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg VI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg VI til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I EØS-avtala vedlegg VI, etter nr. 3.E7 (beslutning nr. E7), skal nytt nummer lyde:

”3.E8. **32024 D 06842**: Avgjerd nr. E8 av 14. mars 2024 om fastsetjing av ein framgangsmåte for handsaming av endringar av opplysningar om dei organa som er definerte i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004, og som er førte opp i det elektroniske registeret som er ein del av EESSI (EUT C, C/2024/6842, 12.11.2024).”

2. Teksta i nr. 3.E2 (avgjerd nr. E2) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til avgjerd nr. E8 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

(1) TEU C, C/2024/6842, 12.11.2024, ELI: <http://data.europa.eu/eli/C/2024/6842/oj>.

(2) TEU C 187 av 10.7.2010, s. 5.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. september 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 19. september 2025.

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.